



MØTEINNKALLING

Utval: Nemnd for vilt, fiske og friluft.
Møtestad: Landbrukskontoret
Dato: 07.03.2018
Tid: 17:00

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Fosnavåg, 01.03.2018


Sigurd Voldsund Nygard
leiar

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 1/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 2/18	Protokoll frå førre møte
PS 3/18	Møteplan for 2018
PS 4/18	Oppsummering av jakta 2017
PS 5/18	Evaluering av bestandsplan for Gurskøy nordvest storvald
PS 6/18	Spørsmål frå Geir Tjervåg om Tjørvåg felles utmark

PS 1/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 2/18 Protokoll frå førre møte



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Avdeling landbruk

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	ANNLOB	Arkivsaknr:	2018/302
		Arkiv:	K46

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
3/18	Nemnd for vilt, fiske og friluft.	07.03.2018

MØTEPLAN FOR 2018

Tilråding:

Nemnda vedtek møteplanen som vart lagt fram i møtet.

Særutskrift:

Herøy kommune, avdeling landbruk

Samandrag av saka:

Nemnd for vilt fiske og friluft legg opp til 4 møte i løpet av året.

Saksopplysningar:

Leiar i utvalet har slikt framlegg til møteplan for 2018:

07.03

30.05

25.06 – klagemøte, går ut viss ikkje det vert klaga på vedtak

15.11

Fosnavåg, 28.02.2018

Anne Kathrine Løberg
Avd.leiar

Sakshandsamar: Anne Kathrine Løberg



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Avdeling landbruk

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	ANNLOB	Arkivsaknr:	2018/303
		Arkiv:	K46

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
4/18	Nemnd for vilt, fiske og friluft.	07.03.2018

OPPSUMMERING AV JAKTA 2017

Tilråding:

Nemnda tek oppsummeringa til vitande.

Særutskrift:

Avdeling landbruk



Samandrag av saka:

Tal felte hjort i fjor var på same nivå som tidlegare år. Fordelinga mellom felling på kjønn og alder syner at fellinga i 2017 var nærare kommune sine bestandsmål enn dei tidlegare åra.

Saksopplysningar:

Fellingsrapportane viser følgjande fellingstal for hjortejakta i 2017:

Vald	Tildelt totalt	Felt han kalv	Felt ho kalv	Felt bukk yngre	Felt kolle yngre	Felt bukk eldre	Felt kolle eldre	Felt totalt	Felling prosent
Gurskøy n.v	30	2	2	7	2	7	2	22	73
Indre Herøy	46	3	5	7	6	8	4	33	72
Ytre Herøy	36	2	1	6	3	6	4	22	61
Til saman	112	7	8	20	11	21	10	77	69



Det har vore felt ein høg prosent med eldre bukk i Herøy siste åra. Denne prosenten er no på veg ned. I 2017 vart det felt 27%, mot 34% i 2016 og 37% i 2015.

Til saman er det felt 40% eldre dyr, 40% yngre dyr og 19% kalv. Siste åra har uttaket av spissbukkk auka og uttak produksjonsdyr minka. Vi meiner det er ei god utvikling i forhold til bestandsmåla for kommunen.


Det er registrert slaktevekt på 70 dyr gjennom www.settogskutt.no. Til samanlikning er det felt totalt 77 dyr. 3 jaktfelt i Ytre Herøy har ikkje registrert slaktevekt på felte dyr. Det er Torvik/ Nærøy, Runde og Kvalsvik/ Nerland. Ut frå dataa som er registrert ser det ut til at det ikkje har vore jakta på 4 jaktfelt i Ytre Herøy og 2 jaktfelt i Indre Herøy hjortevald.

År	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Sett hjort pr. jegerdag	1,42	1,32	2,02	1,67	1,49	1,73	1,42	1	1,31	1,1	0,93	0,99	1,25	1,1
Tall jegerdagar	340	576	184	305	314	374	340	218	522	598	746	693	674	552
Jaktfelt som har levert	15	19	9	16	12	17	16	13	25	26	29	27	28	27

Det ser ut til at alle jaktfelta no også registrere dagar utan fall. Det er ei betring frå førre året. Likevel står det att å få inn slaktevekt på alle fall i løysinga www.settogskutt.no

Fosnavåg, 28.02.2018

Anne Kathrine Løberg
Avd.leiar



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Avdeling landbruk

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	ANNLOB	Arkivsaknr:	2018/303
		Arkiv:	K46

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
5/18	Nemnd for vilt, fiske og friluft.	07.03.2018

EVALUERING AV BESTANDSPLAN FOR GURSKØY NORDVEST STORVALD

Tilråding:

Gurskøy nordvest storvald har oppnådd eit resultat på fellingane i 2017 som er godt innafor handlingsromet i bestandsplanen. Nemnda tek resultatet til vitande.

Særutskrift:

Avdeling landbruk

Samandrag av saka:

Alle vald som jaktar hjort i samsvar med ein godkjent bestandsplan vert evaluert etter kvar jaktseong. Gurskøy nordvest storvald har jakta fyrste året av den 3-årige planen.

Saksopplysningar:

Jamført § 16 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt skal kommunen vurdere om jaktuttaket i eit område der ein jaktar etter bestandsplan er i samsvar med målsettingane i bestandsplanen og i kommunen sine planar. Vesentlege avvik, m.a. i talet på felte dyr og kjønns- og alderssamansettinga til dei felte dyra gjev grunnlag for å trekke godkjenninga av planen tilbake.

I følgje ny hjorteviltforskrift av 08.01.2016 har kommunen frist til 01.04. til å trekkje attende ein godkjend plan. Gurskøy nordvest storvald har jakta fyrste året av den 3-årige planen.

	Tildelt	Han kalv	Ho kalv	Bukk 1 ½ år	Kolle 1 1/2år	Bukk eldre	Kolle eldre	Felt totalt	Felling %
2017	30	2	2	7	2	7	2	22	73

Kjønnsfordeling	Kalv %	Kolle %	Bukk %
Planlagt 17-19	23	30	47
Felt 2017	18	18	64

Aldersfordeling	Kalv %	Yngre dyr %	Eldre dyr %
Planlagt 17-19	23	37	40
Felt 2017	18	41	41

Hann/ hodyr	Hanndyr %	Hodyr %
Planlagt	59	41
Felt 2017	73	27

Vurdering og konklusjon:

Det reelle uttaket av dyr i valdet ligg noe under det planlagde uttaket, men ikkje meir enn at det er greitt. Største avviket mellom plan og felling ligg i fordelinga mellom hann- og hodyr. Fellingane jaktseongen 2018 bør dreias meir i samsvar med kjønnsfordelinga i planen.

Fosnavåg, 28.02.2018

Anne Kathrine Løberg
Avd.leiar



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Avdeling landbruk

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	ANNLOB	Arkivsaknr:	2018/309
		Arkiv:	

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
6/18	Nemnd for vilt, fiske og friluft.	07.03.2018

SPØRSMÅL FRÅ GEIR TJERVÅG OM TJØRVÅG FELLES UTMARK

Tilråding:

Nemnda tek saka til vitande

Særutskrift:

Avdeling landbruk
Geir Tjevåg

Vedlegg:

- 1 Tjørvåg Felles utmark
- 2 IMG_2453
- 3 IMG_2454
- 4 Gardskart

Samandrag av saka:

Geir Tjervåg her vent seg til kommunen for å få fjerna ein strek på eit kart. Kartet er del av eit saksdokument frå 2006.

Saksopplysningar:

Geir Tjervåg har vendt seg til kommunen med e-post datert 31.01.2018, der han ber om å få fjerna «streken» på eit kart.

Streken er teikna med tusj på ei papirutskrift av Økonomisk kartverk i målestokk 1:5000. Andre teikna strekar på kartet syner det som i 2006 var grensene mellom vald 10 Tjørvåg Ytre og vald 6 Tjørvåg Indre/ Aurvåg.

Streken Geir Tjervåg referere til deler sameige gnr. 53 bnr. 1-12 i to deler. Årsaka er at arealet på området skulle reknas ut. Då er det praktisk å sette ein tusjstrek for å rekne rett areal på kartet med planimeter. Streken vart ståande på nye teikningar av grensa mellom valda og kan hende oppfatta som ei deling av sameige gnr. 53 bnr. 1-12. Etter kvart vart desse to valda del av Indre Herøy hjortevald og inngår no i ein større geografi.

Streken Geir Tjervåg vil ha fjerna er del av eit saksdokument som låg til godkjenning av nye areal for vald 10 Tjørvåg Ytre og vald 6 Tjørvåg Indre/ Aurvåg. Valda eksisterer ikkje lengre. Dei inngår no som del av Indre Herøy hjorteviltområde.

Gardskartet viser eigedomsgrensene for sameige på gnr. 53. Digitale kart syner diverre ikkje multiple gards- og bruksnummer, men det går fram av Matrikkelen at sameige gjeld gnr. 53 bnr. 1-12. Streken Geir Tjervåg vil ha fjerna ligg ikkje i dei digital kart. Det er desse karta som vert nytta i arealplanlegging og forvaltning. Det er likevel verdt å merke seg at grensene i DEK eller Økonomisk kartverk ikkje er juridisk bindande med mindre dei er oppmålt.

Fosnavåg, 28.02.2018

Anne Kathrine Løberg
Avd.leiar

Fra: Geir Tjervåg[geir.tjervag@kleven.no]

Sendt: 31.01.2018 07:44:09

Til: Anne Kathrine Løberg

Tittel: Tjervåg Felles utmark


Hei

Eg og min far har tidlegare vært hjå deg og diskutert saken.

Nå ynskjer eg at landbrukssjefen kaller inn Sigurd Nygård, Knut Tandberg og undertegna, til eit møte for å få belyst regler vedr felles utmark og få fjerna "streken" på kartet fjerna.

Mvh

Geir Tjervåg



Øyrahornet

Jervågene

Tjervefjorden

Rugdalen

Øyrahornvatn

Nønshornet

Tjervefjorden

Nønsaugen

Nønshornet

Nønshornet

22

8

Nyklane

Storevarden

Bilhammaren

Lausmykket

Nønshornet

Solla



10

Koppebakke
53/12

53/3

53/4

53/11

Grøsdalen

53/

53/

Nonsvatnet

No

Mestefellet

Mestefjella


53/9

No

No

53/

Kjeringsvatnet



0 100 200 300m

Målestokk 1:15000 ved A4 liggende utskrift

